

VEDLEGG



Statsråden

Stortinget
v/Torgeir Knag Fylkesnes
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Dykkar ref
HM/IHM

Vår ref
23/2033-

Dato
25. oktober 2023

Dokument 8:20S (2023-2024) - Representantforslag om å opprette eit nasjonalt senter for alternativ til dyreforsøk

Eg syner til brev av 18. oktober 2023 frå Stortingets næringskomité, der ein ber om ei vurdering frå Landbruks- og matdepartementet av eit representantforslag om etablering av eit nasjonalt 3R-senter.

Forslaget lyd:

«Stortinget ber regjeringen opprette et nasjonalt 3 R- for forskning på alternativer til dyreforsøk etter modell frå tilsvarende sentre i Sverige og andre europeiske land.»

Det EØS harmoniserte regelverket om bruk av dyr i forsøk stiller krav om at kvar medlemsstat skal opprette ein nasjonal komité for beskyttelse av forsøksdyr. Komiteen skal gje råd til vedkommande myndigheit og til dyrevelferdsorgan om saker som gjeld anskaffing, oppdrett, oppstalling, stell og bruk av dyr i forsøk, og sikre at erfaringar om beste praksis blir utveksla. Dei nasjonale komiteane skal utveksle informasjon om drifta av dyrevelferdsorgan og om prosjektevaluering, og utveksle erfaringar om beste praksis i EØS området. Ein slik komité er oppnemnd i Noreg, og Mattilsynet har sekretariatsfunksjon for komitéen.

Som nemnd i representantforslaget har fleire europeisk land i tillegg etablert eit 3R-senter. Løysingane som er valt og arbeidsdelinga mellom forsøksdyrkomitéen og 3R-sentra er svært ulik. Dette har si årsak i at organiseringa av offentleg tilsyn og finansiering av forskning er ulik mellom landa.

Som forslagsstillarane sjølv peiker på, har tidlegare fiskeri- og havministeren i eit svar på skriftleg spørsmål om den same saken, vist til at regjeringa vil fremme ei melding til Stortinget om dyrevelferd.

Eg vil ut frå det som er nemnd ovanfor tilrå at Stortinget ikkje støttar forslaget om å be regjeringa om å opprette eit 3R-senter. Mi tilråding er å vente på at meldinga om dyrevelferd skal bli fremma for Stortinget.

Med helsing



Geir Pollestad